

# Prop. 36 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2012 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 16. november 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyingar mv. under 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

### 2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

#### Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

*Post 01 Driftsutgifter*

Prognosar for departementet sine driftsutgifter viser eit lågare behov for midlar i 2012 enn budsjettet. Løyvinga på kap. 1300 Samferdselsdepartementet, post 01 Driftsutgifter, blir derfor foreslått redusert med 2 mill. kr.

### 3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

#### Kap. 1310 Flytransport

*Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter*

Nye kontraktar for drift av regionale flyruter tok til å gjelde 1. april 2012. Med dei nye kontraktane blir det samla kompensasjonskravet til kjøp av flyruter i 2012 lågare enn det som blei lagt til grunn i Prop. 1 S (2011-2012). Løyvinga blei derfor redusert med 30 mill. kr ved behandlinga av Prop. 111 S/Innst. 375 S i Stortinget. Dei samla kostnadene for 2012 var usikre. Prognosane viser no at løyvingsbehovet vil bli lågare enn tidlegare lagt til grunn. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, med 15 mill. kr.

#### Kap. 4313 Luftfartstilsynet

*Post 01 Gebyrinntekter*

Inntektene på posten skriv seg frå gebyr som næringa betaler for tilsynsoppgåver som Luftfartstilsynet utfører. Inntektene frå sertifisering av fly har blitt lågare enn rekna med. Vidare har det vore vanskeleg å fastsetje kva som er kostnadsrik-

tige gebyr. På denne bakgrunn foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 4313 Luftfartstilsynet, post 01 Gebyrinntekter, med 10 mill. kr.

Prop. 32 S/Innst. 87 S (2011-2012). I 2012 utgjer utgiftene til avslutta tvistesaker 14,1 mill. kr. Departementet foreslår å løyve 14,1 mill. kr på kap. 1320 Statens vegvesen, ny post 25 Betalingar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane.

## Kap. 5619 Renter av lån til Oslo Lufthavn AS

### *Post 80 Renter*

Rentenivået har blitt lågare enn lagt til grunn ved budsjetteringa. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 5619 Renter av lån til Oslo lufthavn AS, post 80 Renter, med 3,5 mill. kr.

### *Post 29 Vederlag til OPS-prosjekt*

Prognosar viser ein mindreutgift på posten i 2012. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 29 Vederlag til OPS-prosjekt, med 10 mill. kr og omdisponere dette beløpet til kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringer.

## 4 Programkategori 21.30 Vegformål

### Kap. 1320 Statens vegvesen

#### *Post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m.*

##### *Ras og flaum*

Det har blitt store skadar på riksvegnettet på grunn av ekstremver. Dette har ført til utglidinger og ras fleire stader. Det har òg vore nødvendig med fjellsikring. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kr til dette formålet, fordelt med 2 mill. kr til Buskerud, 2 mill. kr til Sør-Trøndelag og 6 mill. kr til Nord-Trøndelag.

##### *Post 30 Riksveginvesteringer*

Kostnadene til trafikktryggleiksprosjektet E39 Skolandssvingen i Vest-Agder har auka. Prosjektet skal utbetre ei utsett ulykkesstrekning på om lag 1 km og inneber m.a. at siktene i fleire farlege svingar blir betra. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringer, med 10 mill. kr, jf. òg omtale under post 29 Vederlag til OPS-prosjekt.

### Kap. 4320 Statens vegvesen

#### *Post 02 Diverse gebyr*

Statens vegvesen har inntekter frå ulike gebyr som gebyr for førarkort, teoriprøve, dagprøvekjennemerke, påskilting, kontroll og myndighetskontollar. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Dei som hadde førarrett for lett lastebil (klasse C1), kunne i 2001 fornye denne førarretten. Førarkorta galdt for 10 år. Nye reglar gjer det mogleg å fornye førarkort òg i 2012. Det er rekna med at fleire enn normalt vil fornye førarkortet i 2012, men kor mange som faktisk vil gjere det, er uvisst. I tillegg er det venta noko høgare inntekt knytt til teoriprøver.

Gebyrinntektene for post 02 er utrekna til å utgjere 370 mill. kr i 2012. Dette inneber ein auke i inntektene på 73,1 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4320 Statens vegvesen, post 02 Diverse gebyr, med 73,1 mill. kr, jf. kap. 1320 Statens vegvesen, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m.

##### *Realistisk budsjettering av utgifter*

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4320 Statens vegvesen, post 02 Diverse gebyr, blir det foreslått å auke løyvinga med 73,1 mill. kr, jf. omtalen under kap. 4320, post 02.

##### *Oppsummering*

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med i alt 83,1 mill. kr.

#### *Post 25 (Ny) Betalingar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane*

I budsjettet for 2010 blei det foreslått ei eingangs-løyving på 500 mill. kr for å dekkje plikter som Statens vegvesen tok på seg i 2009 på det vegnettet som fylkeskommunane overtok frå 1. januar 2010, men som ikkje kom til utbetaling før i 2010. Det sto att nokre tvistesaker som ikkje blei sluttførte i 2010. Nokre av desse kom til utbetaling i 2011, jf.

### E39 Eiganestunnelen i Rogaland – utbyggings- og finansieringsplan

Ved behandlinga av Prop. 28 S (2011-2012) blei det gjort vedtak om bompengeinnkrevjing i bomstasjonane som inngår i Nord-Jærenpakka i åra 2012-2016. Ved oppstart av nye prosjekt må det ligge føre finansieringsplanar som sikrar fullfinansiering innafor dei avklara økonomiske rammene til pakka. I Prop. 28 S (2011-2012) gikk det fram at Samferdselsdepartementet ville kome tilbake til Stortinget med ein plan for finansiering og utbygging av prosjektet E39 Eiganestunnelen når alle avklaringana var gjort.

Prosjektet er m.a. omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009), side 223, Prop. 28 S (2011-2012), side 6-7, Prop. 109 S (2011-2012), side 10 og Prop. 1 S (2012-2013), side 102. Prosjektet er føresett delfinansiert med bompengar frå Nord-Jærenpakka.

I Prop. 109 S (2011-2012) er styringsramma for prosjektet fastsett til 1 950 mill. 2010-kr og kostnadsramma til 2 030 mill. 2010-kr. Omrekna til 2012-prisnivå er styringsramma om lag 2 110 mill. kr og kostnadsramma om lag 2 200 mill. kr. Dette inneber ein auke samanlikna med det som er lagt til grunn i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019. Forslag til revidert finansieringsplan for prosjektet er derfor lagt fram for Rogaland fylkeskommune og styringsgruppa for transportplansamarbeidet på Jæren. Fylkestinget fatta 23. oktober 2012 dette vedtaket:

"Rogaland fylkeskommune viser til Stortingets sluttbehandling av St.prp. 29 S (2011-2012) om forlengelse av Nord-Jærenpakken og St.prp. 109 S (2011-2012) om utbygging og finansiering av Rv 13 Ryfast og fastsettelse av styrings- og kostnadsramme for E39 Eiganestunnelen og slutter seg til det framlagte forslaget til finansieringsplan for E39 Eiganestunnelen:

Periode	Før 2014	2014-2017	2018-2023	Totalt
Statlige midler	30	770	100	900
Bompenger	270	940		1 210
Sum investeringar	300	1 710	100	2 110

I tråd med St.meld. nr. 16 (2008-2009) legg Samferdselsdepartementet til grunn 900 mill. 2012-kr i statlege midlar til prosjektet. Dette inneber at det

er behov for 1 210 mill. 2012-kr i bompengar frå Nord-Jærenpakka, jf. forslag til romartalsvedtak. Forslag til finansieringsplan er vist i tabell 4.1.

Tabell 4.1 Finansieringsplan

	Mill. 2012-kr		
	2010-2013	2014-2019	Totalt
Statlege midlar	98	802	900
Bompenger	135	1 075	1 210
Sum	233	1 877	2 110

I Prop. 1 S (2012-2013) har Regjeringa lagt til grunn at fritaket i meirverdiavgiftslova for omsetning av tenester som gjeld offentleg veg, skal opphevast frå 1. januar 2013. Regjeringa har lagt til grunn at opphevinga av vegfritaket ikkje skal endre bompengeinnbetalingane frå trafikantane. Auken i kostnadsoverslag som resultat av denne

endringa, er derfor føresett finansiert med statlege midlar. Etter opphevinga av vegfritaket er styringsramma for E39 Eiganestunnelen førebels vurdert til omlag 2 440 mill. 2012-kr og kostnadsramma til om lag 2 530 mill. 2012-kr. Finansieringsplanen, inkl. kompensasjon for meirverdiavgift, er vist i tabell 4.2.

Tabell 4.2 Finansieringsplan, inkl. kompensasjon for meirverdiavgift

	2010-2013	2014-2019	Mill. 2012-kr Totalt
Statlege midlar	98	1 132	1 230
Bompengar	135	1 075	1 210
Sum	233	2 207	2 440

Styrings- og kostnadsramme for prosjektet er også omtalt i Prop. 1 S (2012-2013) for Samferdselsdepartementet, side 102, jf. også forslag til romartalsvedtak VI første punkt i proposisjonen.

Kostnadsauke (ekskl. auka meirverdiavgift) opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og bompengar. Deling av kostnadsauken mellom statlege midlar og bompengar er etter same prosentvise fordeling som innafor styringsramma, ekskl. auka meirverdiavgift. Eventuell auke ut over kostnadsramma og den auka meirverdiavgifta er staten sitt ansvar og blir dekt med statlege midlar. Dersom kostnadene for prosjektet blir lågare enn føresett, skal reduksjonar på inntil 10 pst. fordelast mellom staten og selskapet ut frå partane sin del av finansieringa. Kostnadsreduksjonar på meir enn 10 pst. tilkjem staten.

Regjeringa har tidlegare lagt til grunn at viss Stortinget sluttar seg til ei ny trafikantordning (Jærenpakke 2) innan fem år, vil denne avløyse vidareføringa av dagens ordning, jf. Prop. 28 S (2011-2012) Om forlenging av Nord-Jærenpakka. Dei økonomiske pliktene knytt til igangsette prosjekt innafor Nord-Jærenpakka, vil derfor i så tilfelle bli overførte til den nye bompengeordninga. Dersom det ikkje blir tilslutning til ei Jærenpakke 2, føreset Samferdselsdepartementet at bompengeordninga for Nord-Jærenpakka blir oppretthalde fram til føresette bompengebidrag til igangsette prosjekt er finansierte, inkl. kostnadene ved avviklinga av bompengeordninga.

Det er ei fellesstrekning mellom rv 13 Ryfast og Eiganestunnelen på om lag 0,9 km. Fellesstrekninga med Hundvågtunnelen på Ryfast blir finansiert som ein del av Eiganestunnelen, jf. Prop. 109 S (2011-2012). For å halde den planlagde framdrifta for Ryfast er det lagt opp til anleggsstart på Eiganestunnelen i 2013 og trafikkopning i 2017.

## 5 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

### Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

*Post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen-Kirkenes*

Hausten 2008 inngjekk staten v/Samferdselsdepartementet og Hurtigruten ASA ein tilleggsavtale til avtalen frå 2004 om kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen – Kirkenes vv. Tilleggsavtalen som galdt fram til utgangen av 2011, var nødvendig for å sikre kontinuitet i tenesta etter at selskapet var i økonomiske vanskar. Avtalen blei presentert for Stortinget i St.prp. nr. 24 (2008-2009). Avtalen hadde fleire element:

- kompensasjon for NOx-avgift/innbetaling til NOx-fondet
- generell kompensasjon på 66 mill. kr i året
- uttak av eitt skip i vintersesongen, utan trekk i godtgjering.

I samsvar med tilrådinga i St.prp. nr. 24 (2008-2009) vedtok Stortinget å løyve 125 mill. kr for 2008, jf. Innst. S. nr. 92 (2008-2009). Det er seinare vedteke løyvingar og utbetalte 130,9 mill. kr under tilleggsavtalen. Samferdselsdepartementet viser elles til omtale av tilleggsavtalen i Prop. 1 S (2012-2013), side 124.

EFTAs overvakingsorgan (ESA) sette i 2010 i verk granskning av om tilleggsavtalen var i strid med reglane for offentleg støtte. Etter at ESA sette i verk granskninga stansa departementet alle utbetalingane etter tilleggsavtalen. Sommaren 2011 gjorde ESA vedtak om at kompensasjon etter tilleggsavtalen er i strid med reglane om offentleg støtte etter EØS-avtalen i den grad dette fører til overkompensasjon i høve til det offentlege tenestekjøpet. Innhaldet i vedtaket var ikkje konkret, og det har vore omfattande dialog med ESA for å kome fram til kor stor del av kompensasjonen etter tilleggsavtalen som kan godkjennast som lovleg støtte.

Før departementet stansa utbetalingane, blei det betalt ut i alt 130,9 mill. kr til Hurtigruten ASA. ESA konkluderte i brev av 5. juli 2012 med at 91,6 mill. kr, ut over det beløpet som tidlegare er betalt ut, kan aksepteras som lovleg støtte etter tilleggsavtalen. Staten og Hurtigruten ASA har parallelt med prosessar med ESA, bringa saka inn for EFTA-domstolen, for å få kjent ugyldig vedtaket til ESA om at tilleggsavtalen er i strid med reglane om offentleg støtte. EFTA-domstolen avsa dom i saka 8. oktober 2012. Søksmåla frå Hurtigruten ASA og staten blei avviste. I samråd med Regjerdingsadvokaten og ESA legg departementet etter dette i utgangspunktet til grunn at ytterlegare 91,6 mill. kr kan betalast ut etter tilleggsavtalen.

ESA har presisert at det må korrigera støtte til den rentefordelen Hurtigruten ASA har hatt ved at det blei utbetalat for mykje i NOx-kompensasjon til selskapet tidleg i perioden for tilleggsavtalen. ESA kom 8. november 2012 med framlegg til talfesting av rentefordelen. Departementet vil i samarbeid med ESA få fastsett det endelege rentebeløpet. Det endelege rentebeløpet vil dermed kome til frådrag frå 91,6 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår etter dette å auke løvinga på kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 70 Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen-Kirkenes, med 91,6 mill. kr. Departementet vil justere den endelege utbetalinga til Hurtigruten ASA for rentefordelen. Unytta løving blir tilbakeført til statskassa.

## 6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

### Kap. 1350 Jernbaneverket

#### *Post 23 Drift og vedlikehald*

Natt til 14. mars 2012 var det eit stort ras ved Soknedal mellom Støren og Berkåk på Dovrebanen som gjorde at strekninga var stengd i nesten to månader. Heile fyllinga og delar av terrenget under jernbanesporet raste ut over ei lengd på 35 meter og 180 meter over dalbotnen. Arbeidet med å byggje opp att sporet har vore svært omfattande. For å dekkje meirkostnadene ved å byggje opp att infrastrukturen etter raset, foreslår departementet å auke løvinga på kap. 1350 Jernbaneverket, post 23 Drift og vedlikehald, med 50 mill. kr.

#### *Post 31 Nytt dobbeltspor Oslo-Ski*

Jernbaneverket har i 2012 gjennomført eit meir omfattande arbeid med detalj- og reguleringsplanlegginga av Oslo - Ski enn det var budsjettet med. Det har m.a. vore gjort grundige vurderingar av byggjekonsept for tunnelen kor begge alternativa med boring og sprenging har blitt fullt utgreidd. Vidare er det gjort meir omfattande vurderingar for optimalisering av tunnelen, signalanlegga, sporplan for Ski stasjon, og standardval for dimensjoneringa av tunnelen og dei tekniske installasjonane i tunnelen i høve til farten. Desse vurderingane gir eit godt grunnlag for framdrifta i den vidare planlegginga av prosjektet med sikte på mogeleg start i 2014. Departementet foreslår å auke løvinga på kap. 1350 Jernbaneverket, post 31 Nytt dobbeltspor Oslo-Ski, med 40 mill. kr.

#### *Fullmakt til restverdisikring av togmateriell*

I samband med behandlinga i Stortinget av Prop. 1 S/Innst. 13 S (2011-2012) fekk Samferdselsdepartementet ei fullmakt for restverdisikring av eksisterande togmateriell og investeringar i nytt materiell som inngår i det statlege kjøpet av persontransporttenester frå NSB.

NSB AS har søkt Samferdselsdepartementet om restverdisikring for å investere i ytterlegare 16 nye togsett av type 75 (Flirt). 14 av desse togsetta skal erstatta gamle togsett, medan 2 togsett som blir finansierte gjennom Oslo-pakke 2 (påslag på togbiletten), skal auke setekapasiteten i rushtrafikken på Austlandet. Restverdisikringa inneber at staten garanterer for 75 pst. av den bokførte verdien på materiellet. Det inneber at NSB AS kan finansiere materiellet til gunstige lånevilkår og gir selskapet grunnlag for å utløyse ein opsjon på å utvide den pågående produksjonen av 50 togsett hos Stadler. Utløysinga av opsjonen inneber at produksjonen og leveringa av togsetta kan gjennomførast kontinuerleg. Dette gir ei raskare levering av togsetta til ein lågare kostnad.

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet at ramma i fullmakta om å gi NSB ytterlegare restverdigaranti på oppgraderingar og nyinvesteringar blir auka med 870 mill. kr i 2012 frå 3 225 mill. kr til 4 095 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak. Fullmakta for 2013 må endrast tilsvarende. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake med forslag om å endre fullmakta for 2013.

## 7 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

### Kap. 4370 Posttenester

#### *Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester*

I 2011 blei det løyvd 345 mill. kr på kap. 1370 Posttenester, post 70 Kjøp av post- og banktenester. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med dette viser eit faktisk behov i 2011 på 187 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 158 mill. kr mindre enn løyvinga for 2011.

Hovudårsaka til at behovet blei mindre i 2011 er at einerettsoverskotet er rekna til 551 mill. kr, medan det var budsjettet med eit einerettsoverskot på 170 mill. kr. Vidare er dei endelege meirutgiftene rekna til 738 mill. kr, mot budsjetterte meirutgifter på 515 mill. kr. Departementet legg opp til at Posten Norge AS i 2012 betaler tilbake 158 mill. kr. Som for tidlegare tilbakebetalingar legg departementet opp til at Posten betaler renter for det selskapet har fått utbetaadt for mykje. Det utgjer 6,8 mill. kr. Dette inneber at Posten i 2012 skal betale tilbake i alt 164,8 mill. kr som føl-

gje av overkompensasjon ved statleg kjøp av post- og banktenester i 2011.

Departementet foreslår å løyve 164,8 mill. kr på eit nytt kap. 4370 Posttenester, post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester.

### Kap. 4380 Post- og teletilsynet

#### *Post 01 Diverse gebyr*

I samband med lønnsoppgjeren for 2012 blei Post- og teletilsynet tildelt 2,43 mill. kr over kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Etaten er sjølvfinansierande. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380 Post- og teletilsynet, post 01 Diverse gebyr, med 2,43 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Samferdselsdepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Samferdselsdepartementet.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2012 under  
Samferdselsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 137 828 000 til kr 135 828 000	
1310		Flytransport:	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1311, post 71</i> , blir redusert med .....	15 000 000
		frå kr 675 600 000 til kr 660 600 000	
1320		Statens vegvesen:	
	23	Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med .....	83 100 000
		frå kr 7 516 100 000 til kr 7 599 200 000	
(NY)	25	Betingalar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane, blir løyvd med .....	14 100 000
	29	Vederlag til OPS-prosjekt, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23 og post 30</i> , blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 414 000 000 til kr 404 000 000	
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 29, post 31 og post 72</i> , blir auka med. ....	10 000 000
		frå kr 5 680 400 000 til kr 5 690 400 000	
1330		Særskilde transporttiltak:	
	70	Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen-Kirkenes, blir auka med .....	91 600 000
		frå kr 738 500 000 til kr 830 100 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
1350		Jernbaneverket:	
	23	Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30</i> , blir auka med .....	50 000 000
		frå kr 5 385 600 000 til kr 5 435 600 000	
	31	Nytt dobbeltspor Oslo-Ski, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	40 000 000
		frå kr 275 000 000 til kr 315 000 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 133 500 000 til kr 123 500 000	
4320		Statens vegvesen:	
	02	Diverse gebyr, blir auka med .....	73 100 000
		frå kr 296 900 000 til kr 370 000 000	
(NY)			
4370		Posttenester:	
	70	Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med .....	164 800 000
4380		Post- og teletilsynet:	
	01	Diverse gebyr, blir auka med .....	2 430 000
		frå kr 155 300 000 til kr 157 730 000	
5619		Renter av lån til Oslo Lufthavn AS:	
	80	Renter, blir redusert med .....	3 500 000
		frå kr 201 800 000 til kr 198 300 000	

## II

Stortinget samtykkjer i at:

1. Nord-Jæren Bompengeselskap AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar for delvis finansiering av utbygginga av prosjektet E39 Eiganestunnelen i Rogaland. Vilkåra går fram av denne proposisjonen.
2. Samferdselsdepartementet, for det materiellet som inngår i staten si rammeavtale med NSB, i 2012 kan gi NSB AS ytterlegare restverdigaranti for oppgraderingar og nyinvesteringar innafor ei ramme på inn til 4 095 mill. kr.

---



---



---